

Innspel til kommuneplanens arealdel for Lervik på Radøy

Dokument oppretta: 25.07.2022 av Eivind Lervik

Sist redigert: 07.09.2022 av Eivind Lervik

Kontakt på e-post: eivind.lervik@outlook.com

Kontakt på telefon: 95444677

Introduksjon

Dette dokumentet beskriv eit innspel frå Lervik-bygda til arealdelen til kommuneplanen i Alver som no er open for innspel. Innspelet gjeldt å leggja til rette for vidare busetnad i Lervik-bygda med at neste generasjon skal kunne byggje her. Dette vert gjort først med innspel til arealplanen før ein går vidare med søknadar om fråskiljing og bygging. Vidare i dokumentet vil me konkretisera ønske vårt, og forklare rundt kvifor me meiner innspelet må tas med i den nye planen.

Innspelet er skriven av Eivind Lervik på vegne av seg sjølv, Thore Helland og resten av Lervik-bygda.

Ønskje

Konkret ønskjer me å utvide LNF-spreidd området i Lervik på Radøy, og gjere det om til eit «framtidig» område i staden for «eksisterande». Området er i dag ca. 7500m²¹ og det nye arealet blir på ca. 10400m²². Teikningar på korleis områda ser ut er vedlagt til slutt i dokumentet (A1 og A2).

Området vil omfatte dei tre tomtane som er der per i dag i tillegg til ein liten del av gardsbruket (458/1-2). To av tomtane er bygd på (458/14 og 458/7,12), og ein er ubygde (458/16) og vert brukt som beite i dag av gardsbruket. Resten av arealet er der ny hustomt er ønskt skilt i frå, der veg er foreslått, og for det manglande grensepunktet i kartet for 458/7,12. På heile dette området ønskjer me tildelt til saman 3 bueiningar.

Framtidig plan

Den framtidige planen på området er blant anna å skilje frå ei ny tomt i nord frå gardsbruket. Denne tomta skal ligge heilt i tomt 458/14 og er tiltenkt Eivind Lervik. Eivind og gardseigar Thore Helland er einige om plassering, tilkomst og pris.

Til tomta må det byggjast ein veg. Denne vil gå frå der gardseigar sin del av eksisterande veg stoppar i dag, og fram til den nye tomta. Vegen vil ligge på gardsbruket og skal også nyttast av gardbrukar for tilgang til markane i nord. Jord som vert til overs i bygginga skal brukas til å utbetre marka som ligg langs vegen. Der er også tenkt å skyte vekk knausar som ligg der i dag for å forenkle jordbruket. Massar av dette skal brukas til veg og utbetring av mark. Meir detaljar rundt vegen ligg i avtalen mellom Eivind og Thore. Området tiltenkt utbetring vert på 1400m²³, og er teikna i vedlegg A3.

Med dette innspelet vil det i framtida verte lettare å byggje på den ubygde tomta (458/16). I tillegg vil det verte lettare for neste generasjon å bygge nytt hus på tomt 458/7,12.

¹ Målt i Nordhordlandskart

<https://www.nordhordlandskart.no/>

² Målt i Nordhordlandskart

<https://www.nordhordlandskart.no/>

³ Målt i Nordhordlandskart

<https://www.nordhordlandskart.no/>

Område

Lervik ligg omtrent midt på Radøy, aust for Hallandsvatnet. Det er ei generasjonsbygd med røter lang tilbake i historia. I dag bur det tre generasjonar i bygda som er i alle aldrar. Yngstemann går på barneskulen og eldstemann er i 90-åra.

For oss er det naturleg å trekke mot Manger og Sletta, og bygda vår kjem etter planen til å høyra til Manger-lokalsenter sin krins, slik det ser ut i dag. Frå fylkesveg 565 går det kommunal veg gjennom bygda Kjeseth og fram til bygda vår.

Infrastruktur og tenester

For tida heldt fylkeskommunen på med å lage ny veg frå Marås til Soltveit. Det vil kome kryss på Kjeseth slik at me som bur i desse bygdene kan koma på og av vegen. Denne vegen vil gjøre det endå lettare å reise til og frå Lervik. Som tidlegare nemnd så er det kommunal veg frå fylkesvegen og fram til bygda. Denne er rundt ein kilometer lang, og er asfaltert.

Kollektivtransport til Lervik er i hovudsak buss til Kjeseth. Det er ein ganske lite trafikkert veg frå busstopp til bygda, og me ser på vegen som trafikksikker ut i frå kor mange som nytter seg av den.

Nærmaste barneskuler er på Manger og i Austebygd, og nærmaste ungdomsskule er på Manger. Aktuelle vidaregåande skular er i Knarvik og i Austrheim. I dag er det skuleskyss til desse skulane.

Når det kjem til vatn og avløp, så handterer me dette sjølv. Me er ikkje knytt til det kommunale vassnettverket endå, men fleire har plan om å gjøre det dersom det blir bygd ut til Lervik. For kloakk er det brukt septiktank med sandfiltergrøft og minireinseanlegg i dag. I framtida vil komande bueiningar nytta minireinseanlegg som gjerne dei som i dag har septiktank også kan kopla seg på. Me ønskjer å finna felles løysingar.

Argumentasjon

Me meiner det er mykje som talar for innspelet vårt. Ein av dei viktigaste grunnane er å halde liv i bygda. Ettersom den eldre generasjonen fell i frå er det viktig at neste generasjon kan kome til og bu vidare i bygda slik at bygda på sikt ikkje dør ut. Det er også kjekt for dei eldre at barn og barnebarn kan slå seg ned like ved sitt eige hus. Det er også ein stor tryggleik for dei eldre å vite at dei har nokon rundt seg når dei treng det. Dette gjer at det vert ein veldig fin sameksistens mellom generasjonar. Det er noko me har hatt stor glede av når underteikna vaks opp, og noko me ønskjer at våre ungar også skal få oppleve.

Det er også personlege fordelar ved å kunne få til innspelet. Det å ha foreldre og besteforeldre i nærleiken er ein gode me verdset veldig høgt. Det gjer også moglegheiter for barnepass og anna hjelp av ulikt slag. Lervik ligg veldig landleg til, og me som verdset ro, fred og nærliek til naturen vil trivast ein slik plass sjølv om det vert litt veg til butikk og andre tenester.

Området er ikkje utsett for naturkrefter. Det er ingen høge fjell der skred og ras kan kome frå. Sidan bygda ligg på ein bakketopp er det heller ikkje fare for at flaum vil verte eit problem. Området er kupert og har fjell ikkje langt under jordoverflata, så bygg som står her i dag og dei som ein gong vil bli bygd på området me spelar inn, vil stå trygt.

Eit inngrep på området me spelar inn, vil ikkje ha noko stor innverknad på drifta av garden i bygda. Vegen me planlegg vil vere ein nyttig veg for å nå markane i nord. Det vil som tidlegare nemnd også vere med på å betre ein del av jorda som ikkje er innanfor LNF-spreidd-området. Det er så lite av det totale arealet på garden som vert spelt inn her, at det ikkje vil vere til ulempe for drifta no, eller i framtida. Det har også blitt spelt inn til landbruksavdelinga i kommunen at arealet i nord eigentleg er beite, sånn at ikkje mykje overflatedyrka mark vert brukt. Kommunen var på synfaring om dette i slutten av august i år.

Alver kommune har på nettsida si skildra ein del områder ein ønskjer innspele på, og dette tykkjer me at innspelet også gjer. Spesielt punktet som går på areal som er aktuelle for etablering av mindre bueiningar. Også punktet om utviding om eksisterande bustadområde, samt areal for mottak av massar for forbeting av landbruksjord.

Til slutt i denne seksjonen ønskjer me å sei at me tykkjer innspelet vårt også byggjer på den nyleg vedtekne samfunnsplanen. Spesielt å ha busetjing i heile kommunen. Det skal støttast opp om spreidd bustadbygging i heile kommunen og dette føler me vårt innspele byggjer opp om. Tanken om å utvida eksisterande areal framfor å opprette nye areal til bustad tykkjer me også at dette innspelet byggjer opp under. Det står også i planen at ein ønskjer å legge til rette for mottak av massar for betring av landbruksjord. Vårt innspele svarar på dette punktet i form av planen vår når det gjeldt vegbygging. Heilt til slutt vil me nemne prioriteringa på at barn og unge skal ha ein trygg oppvekst. Me tykkjer at nye generasjonar som vert fødd og veks opp i Lervik vil få veldig gode oppvekstkår med nærleik til natur, lite biltrafikk og sameksistens med fleire generasjonar.

Bilete og teikningar

Alle bilete og teikningar er lagt ved dette dokumentet heilt til slutt.

A1 – LNF-spreidd teikning – **Innspele**

A2 – LNF-spreidd teikning – **I dag**

A3 – Område for utbetring samt veg

A4 – Oversiktsbilete utan teikningar

A5 – Forklaring kvar Lervik ligg

A6 – Bilete av området

Avslutning

Me håpar dette skrivet tydeleg skildrar kva me ønskjer å få til i bygda vår. Etter å ha lest om avslag på dispensasjonssøknadar grunna manglende planar i områder, har me kome fram til at den beste måten å få til noko i bygda vår er å i første omgang å spele dette inn til kommuneplanens arealdel.

Me håpar de ser positivt på innspelet vår, og oppmodar dykk til å ta kontakt med Eivind på telefon eller e-post dersom de har spørsmål eller treng avklaringar. Kontaktinformasjon står øvst i dette dokumentet.

Med beste helsing frå Eivind Lervik, Thore Helland og resten av Lervik-bygda.

Vedlegg A1



Vedlegg A2




Vedlegg A3



Vedlegg A4



Vedlegg A5



Vedlegg A6

Bilete av kvar ny hustomt er planlagt – Område i nord. (Bilete tatt 28.08.2022)





Bilete av kvar vegen er planlagt. Mark som er tenkt utbetra ligg mot skog i nord. Biletesekvens er frå nord til sør. (Bilete tatt 28.08.2022)







Bilete av tomt 458/16 – Søndre del av innspelet, der det er LNF spreidd eksisterande i dag. (Bilete tatt 28.08.2022)



Bilete av grensa mellom bruket og tomt 458/7,12. Det er den små utvidinga mot sør som er skildra i innspelet. Bilete tatt sørover, den 28.08.2022.



Til slutt, dronebilete av området i innspelet. (Bilete tatt 20.05.2020)

